

Notat

Telefon
+47 56 57 00 70
Fax
+47 56 57 00 71
E-postadresse
post@abo-ark.no
Webadresse
www.abo-ark.no
Postadresse
Postboks 291, 5203 Os
Besøksadresse
Hamnevegen 53, 5200 Os

Til : Lindås Kommune

Dato : 16.11.2012


Sider inkl. denne : 2

Seim bustadfelt, Nilshøyen

STØY


Fylkesmannen har fremja motsegn til planen ang støy, 1. då det manglar støyfagleg utgreiing. Vidare 2. må føresegn ang avbøtande tiltak spesifiserast.

Fylkesmannen krev vidare at den støyfaglege utgreiinga må gjerast før planen vert vedteke. I rekkjefølgjekrava i føresegna må det spesifiserast kva for avbøtande tiltak som må gjennomførast for å oppnå tilfredstillande støynivå.



Utsnitt av støyvarselskart over området utarbeida av Statens vegvesen.

Tomt 2, 3 og 4 ligg delvis innanfor gul støysone på støyvarselkart (ovanfor), med vegtrafikkstøy frå FV 402. Trafikkmengda er mellom 901-1700 ÅDT på denne vegstrekninga, og hastigheit er 50 km/t. Det er i føresegn 2.6 til planforslaget sett krav om at støynivået skal stette krava i T-1442 ang støy.



Utsnitt over området som viser støygrenser(kjelde: Støyrapport Sweco)

Støyrapporten viser at det er ein liten del av arealet til tomtene 2, 3 og 4 som vert råka av gul støysone, og dei deler av uteområda som ligg i gul støysone er under akseptabelt nivå. Ein ser difor ikkje krav til avbøtande tiltak som naudsynt, jf. støyrapporten datert 14.11.2012. Støynivået i 1. etasje er òg under akseptabelt nivå og vert difor ikkje pålagt avbøtande tiltak. I ein eventuell 2. etasje kan støynivået verte over $L_{den} = 55\text{dB}$, men sidan bustadane har ei stille side andre vegen er denne vesle overskridinga så liten at støyforholda vert rekna som akseptable.

Støyrapporten viser at støyverdiane i området ikkje vil påvirke støyfølsame tiltak i planen så vesentleg at det er nødvendig med avbøtande tiltak.

Når det gjeld å plassere ballbane på LEK_1 er ikkje dette nemn i planen. Uansett er det betre å plassere leik i denne del av området, enn f eks plassere det nærare vegen.

Det vert med grunnlag i støyrapporten bede om at motsegn fremja til planen angående støy vert sendt over til Fylkesmannen for trekking!

Med vennlig hilsen
ABO Plan & Arkitektur AS

Vedlegg: Støyrapport Sweco, datert 14.11.2012